

**Fra:** Bjorkelo, Birte (NO - Bergen) (bbjorkelo@DELOITTE.no)  
**Sendt:** 05.02.2016 13:46:09  
**Til:** Roald Breistein  
**Kopi:** Stein Ove Songstad

**Emne:** Vedrørende auka timeramme for selskapskontroll

**Vedlegg:**

Hei,

Vi venter fortsatt på å få signert høyringsuttale frå Fylkesrådmannen. Høyringsutkastet blei sendt til fylkeskommunen med frist 1 februar og eg har vore i kontakt med fylkeskommune fleire gonger for å minne om dette. Høyringsuttale frå dei andre (Kvam herad og selskapet er mottatt og tatt inn i rapporten).

Som vi har meldt om tidlegare blei selskapskontrollen av Hardanger AKS langt meir omfattande enn det som var forventa då prosjektplan blei utarbeidd og godkjent. På grunn av dette har vi bedt både Kvam herad og Hordaland fylkeskommune om at timeramma blir auka.

Omfanget av prosjektet er auka på grunn av fleire forhold.

- Oppstart av prosjektet blei svært forseinka på grunn av selskapet ikkje kunne levere naudsynt dokumentasjon til revisjonen innan dei fristane som blei sett. Dette førte til at revisjonen har vore nøydte til å nytte ekstra tid på å purre på dokumentasjon, følgje opp selskapet og rapportere til kontrollutvala. Årsaka til at selskapet ikkje kunne levere dokumentasjonen blei forklart med at selskapet samstundes var i gang med ei ISO sertifisering som tok all tida til administrasjonen. Manglande oversending av dokumentasjon er beklaga både av dagleg leiar og styreleiar beklaga i eit eige brev som er sendt kontrollutvala og revisjonen. Dagleg leiar har også beklaga dette i eit kontrollutvalsmøte i Hordaland fylkeskommune. I same møte oppmoda medlemmer av kontrollutvalet I HFK revisjonen om å sjå grundig på selskapet. Revisjonen ga uttrykk for at dersom vi fann forhold som kravde ekstra timeramme, skulle vi melde frå om dette til kontrollutvalet, og revisjonen har difor halde kontrollutvalet orientert om framdrift og ressursbruk i prosjektet. (Meirarbeid knytt til dette punktet er estimert til ca. 25 timar).
- Det blei også naudsynt å nytte ein del tid på å få inn dokumentasjon frå Hordaland fylkeskommune. Vi sende førespurnad om dokumentasjon 23 juni. Vi mottok denne 20 oktober. I mellomtida var vi gjentatt gonger i kontakt med fylkeskommunen både på telefon og sende fleire epostar for å purre dette og brukte tid på å sjå om vi kunne finne dokumentasjonen sjølve på fylkeskommune sine nettsider m.m. (Meirarbeid knytt til dette punktet er estimert til ca. 15 timar).
- Etter at revisjonen kom i gang blei revisjonen merksam på fleire forhold som det ikkje var tatt høgde for når revisjonen starta, men som revisjonen meiner det var naudsynt å belyse i rapporten. Dette gjeld mellom anna ein pågåande prosess knytt til oppkjøp av Norheimsund Industriservice AS (og ei vurderinga av om det var brot på aksjelova § 3-8). I tillegg opplevde revisjonen at det var utfordrande å få oversikt over system og rutinar i selskapet og brukte ekstra tid på å gjennomgå kvalitetssystem og tilhøyrande rutinar for å finne ut kva som er gjeldande retningslinjer. Dette gjorde det særst utfordrande å samle og presentere dokumentasjonen på ein oversiktlig måte. I tillegg tok det vesentleg meir til å ferdigstille rapporten når vi stadig fekk presentert ny informasjon/dokumentasjon undervegs i arbeidet (også ved at vi gjennomførte fleire intervju som måtte følgjast opp). (Meirarbeid knytt til dette punktet er estimert til ca. 70 timar).
- I tillegg blei ikkje revisjonen tryggja av dei innleiande avtalte intervju med omsyn til at alle forhold var belyst tilstrekkeleg. Mykje av informasjonen var munnleg og vanskeleg å etterprøve. I prosjektplanen var det avtalt 6 intervju, medan vi såg det som naudsynt å gjennomføre intervju med til saman 14 personar for å få eit dekkande bilete. Fleire av desse var vi i kontakt med gjentatte gonger for å få ny informasjon og for å få presisert ytterlegare den informasjon som kom fram. Dei ekstra intervju var:

- Tilsett i selskapet
- NAV Hordaland
- NAV Kvam
- Helse og omsorgssjef i Kvam herad
- Gruppeleiar ved bustad
- Rektor
- Tilsett i opplæringsavdeling (HFK)

(Dei ekstra intervju, inkludert verifisering og oppfølging i fleire omgangar kravde ca. 65 timar)

- Det som var vedtatt var ei samla ramme på 270 timar. 100 av desse timane var delt likt mellom Kvam herad og Hordaland fylkeskommune for å dekke eigarstyringsdelen av prosjektet. 150 timar skal delast etter eigarbrøk. I tillegg var det sett av 20 timar for å dekke koordinering og administrering av fleire oppdragsgjeverar for kontrollen og presentasjon i KU (jf invitasjon frå kontrollutvalet i Kvam herad og partsbrev frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune). I tillegg har revisjonen fått innvilga inntil 50 timar av kontrollutvalet i Kvam herad, slik at revisjonen har fått dekkja 320 timar av prosjektet.
- Vi ber kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune vurdere å gje revisjonen ei auka timeramme for å dekke meirarbeidet med revisjonen. Tilsaman har det gått med 175 timar i meirarbeid. Av desse er det 125 timar som ikkje er dekkja ( i tillegg har det godt ein del timar til administrasjon og oppfølging som vi har valt å avskrive for å ta vår del av overskridinga. Totalt er det registrert 472 timer på oppdraget slik at det er 27 timar vi ikkje har bedt om å få dekkja).
- Vi ønsker å presisere at det kun er unntaksvis at revisjonen ber kontrollutvalet om auka ramme og at dette skuldast ekstraordinære forhold.

Mvh

**Birte Bjørkelo**

Director | ERS

Deloitte AS

Damsgårdveien 135

P.O. Box 6013 Postterminalen, NO 5160 Laksevåg

Tel/Main: +47 23 27 90 00 | Mobile: +47 928 98 908

[bjorkelo@deloitte.no](mailto:bjorkelo@deloitte.no) | [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no)